

Nr. 2-2015, årgang 50.

KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg og Fjågesund og Kilen sokn.



I Kviteseid arrangerte Betel, Fredheim, Misjonshuset og Den norske kyrkja i Kviteseid Godhetsveka 2015. Her ser vi Thomas Bentsen ta i et tak for godhetsveka.

Side 8: Konfirmantar i Kviteseid våren 2015.
Side 12: Unge Røyster har fått ny dirigent.



Kyrkjetrappa

Kyrkjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31 – Faks. 35 06 81 28
Adresse: Statens Hus, 3850 Kviteseid



Olav Nordskog
Kyrkjevevje
Kontor tlf. 35 06 81 31
kyrkjevevje.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Torstein Eidem Nordal
Sokneprest i Kviteseid og
Brunkeberg
Kontor tlf. 35 06 81 32
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Hallvard Nordbø Jørgensen
Sokneprest i Vrådal, Fjågesund
og Kilen
Kontor tlf. 35 06 81 29
Mobil tlf. 95 92 29 84
sokneprest.vrødal@kyrkjetrappa.no



Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48
kantor.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Håkon Heggtveit
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 18 37 50



Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Svanhild Fidjeland
Kyrkjelydssekretær
Mobil tlf. 40 90 02 89
post@kyrkjetrappa.no



Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør:
Hallvard N. Jørgensen

Frist for å levere innhald til neste
nummer av kyrkjebladet er 15. september
2015.

Framsidedfoto: Kurt Nødland
Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit og
Niklas Karlsen
Passfoto: Kurt Nødland
Utforming: Niklas Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS

Bankgiro:
Kyrkjeblad for Kviteseid,
3850 Kviteseid
Kontonr. 2660 10 30615



post@kyrkjetrappa.no



@kyrkjelyd



#kyrkjeliv



/kyrkjetrappa



Michelangelo - Skapelsen av Adam. (<https://en.wikipedia.org/>)

15+ og 80+

Skriven av Hadle Hovda

1. pinsedag var det konfirmasjon i Kviteseid kyrkje. Kyrkja var stappande full av slekt og vener i den finaste stas. Og dei elleve konfirmantane sat på fyrste benk i kvite kapper. Torstein prest talte gripande og jordnært om lovnaden Jesus gav til læresveinane om å senda dei Den Heilage Anden etter han hadde forlate dei. «Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldreause born.»

Ein etter ein kom konfirmantane fram til døypefonten og vart krossmerka til minne om at dei ein dag for 15 år sidan vart døypte til Faderen, Sonen og Den Heilage Ande og tekne inn i Gud i rike. Så knelte dei ved alterringen og presten gav dei eit minneverdig ord med på livsvegen og velsigna dei. Det var nok mange inderlege ynskje frå møtelyden – og kanskje ikkje minst frå besteforeldra - at det skulle gå dei vel i dei dagane som ligg framføre dei.

For meg personleg var det naturleg å tenkja attende på eigen konfirmasjon og ungdomstid. Den fekk vi i ti-åra like

etter krigen. Det var ei tid med mykje optimisme og pågangsmot. Landet skulle byggjast på nytt og ingen hand var ledig. Det gjekk betre og betre år for år – og vi vart rikare alt støtt. Tanken på klimaendring, miljøforureining, overforbruk og sløsing var heilt fjern. Og tanken på at vi ikkje har teke vare på vår eigen åndelege arv og kultur, var ikkje påtrengjande for dei fleste.

Så vakna vi då ein dag og byrja å undrast over kva slags arv det er vi er i ferd med å overlata dagens ungdom, dagens 15-åringar. Har vi gjeve dei ressursar til å ta fatt på den oppgåva? Sider ved dagens samfunn tyder på at den vegen kan verta tung og lang.

Så er det på ein konfirmasjonsdag naturleg å minnast at i over 30 generasjonar har den kristne bodskapen hatt feste i vårt fedreland: Oppgjer, tilgjeving, forsoning og broderkjærleik. Vi kan med frimod gje både påske- og pinsebodskapen vidare til dei neste generasjonane.

Prestens hjørne

Skriven av Hallvard N. Jørgensen

Denne gongen har eg lyst til å reflektere noko om korleis Bibelen kan vere med på å forme livet. Det er ein tydeleg del av trua i den kristne kyrkja at vi kan finne Guds Ord og Guds vilje i Bibelen. Difor lesast Bibelen i kvar gudsteneste, og vi syng "sæle er dei som høyrer Guds Ord."

Men korleis skal vi som truande bruke Bibelen inn i liva våre? Då eg var yngre, hadde eg ein rimeleg enkel modell. Den var omtrent slik: "Bruk mykje tid på å lese i Bibelen, og gjerne gjer det åleine. Finn ut kva Gud seier der i sitt klåre ord, om sin uforanderlege vilje, og legg vinn på å leve etter dette." Sett i ettertid forstår eg no at denne måten å bruke Bibelen på, var prega av den såkalla lågkyrkjelege konservative protestantiske tradisjonen som eg vaks opp i, og som eg framleis ser som verdifull.

Eg vil framleis gjerne oppfordre til personleg bruk av Bibelen. I dag ser eg imidlertid, av personleg erfaring, ein god del fallgruver ved den modellen som eg skisserte opp. Eg ser tydelegare no at både Bibelen, og også våre liv, er veldig komplekse storleikar. Bibelen har mange ulike moralske ideal og tradisjonar, tala inn i ulike saman-hengar og situasjonar. Men også våre liv er komplekse: Vi har vår livs-historie, vårt kjønn, vår alder, våre relasjonar, vårt samfunn, våre overtydingar, vårt arbeid, våre



lengslar, våre kvardagssituasjonar.

I konfirmanttida lærer vi at dei ti boda er viktige køyrereglar for livet. Og det trur eg dei fleste kan vere samde om. Men utover denne moralske "grunnlova" (dvs. ikkje drepe, stele, lyge, bryte ekteskapet etc.), så møter vi alle på ei mengd med situasjonar i livet der det ikkje finst heilt klare fasitsvar. Bibelen kan slik sett ofte ikkje "gjere jobben for oss" i å finne ut korleis vi skal leve. Også som truande treng vi fridom til å prøve og til å feile, og fridom til å gjere egne vurderingar, for å bli mogne og ansvarlege.

Kanskje kan ein seie det slik: Å leve eit godt liv til glede for Gud og medmenneske krev at ein opparbeider seg ein god porsjon med personleg erfaring og praktisk visdom. Men for å opparbeide seg dette, treng ein å høyre til i sunne fellesskap; familie, vener, bygdefellesskap og kyrkjelyd. Bibelen høyrer i så måte framfor alt til i gudstenesta og fellesskapet sitt rom. Her får vi bli forma, i ein stundom spenningsfull prosess, med hjelp og omsorg frå våre medmenneske, under bøn til Gud.



Ny Ljosglobe i Vrådal kyrkje

Skriven av Hallvard N. Jørgensen

Vrådal sokneråd har over lengre tid arbeidd for få ein ljosglobe til Vrådal kyrkje. Soknerådet er taknemlege for alle dei som har vore med på å støtte dette prosjektet økonomisk. Etter nokre søknader og noko arbeid med å finne ein høveleg modell, har soknerådet no i vår investert i ein flott globe. Den vart innvia i konfirmasjonsgudstenesta på pinsedag, 24. mai. Ein av dei sentrale pådrivarane for ljosgloben, soknerådsmedlem Randi Enger Bråthen, tente "Kristusljuset" midt i

globen i samband med innviinga. Globen vart også teke i bruk for fyrste gong under sjølve konfirmasjonshandlinga like etterpå, ved at eitt einskild ljøs vart tent for kvar av konfirmantane medan dei vart bedne for. Globen vil framover kunne bli teke i bruk i samband med kyrkjebøna, gravferder, dåpshandlingar og anna. Det vil også vere høve for å tenne sitt eige ljøs i, eller etter, gudstenesta. Ljoset kan vere eit synleg uttrykk for tru, håp, undring, lengsel, bøn og forbøn.



Kviteseid kyrkje er under reparasjon våren 2015. Stikkord for takutbetringa er: nye lekter, papp, beslag, lynvern, skifting av skadd skifer.

100-årsjubileum i 2016

Skriven av Olav Mosdøl

Våren 2016 er det 100 år sidan kyrkjene i Kviteseid og Fjågesund blei vigsla. Kyrkjene vart teikna av arkitekt Haldor Børve i Porsgrunn og bygt i 1915. Biskop Bernt Støylen stod for vigslinga av kyrkjene 18. og 19. juni 1916.

Kviteseid sokneråd har valt ein komité som har ansvar for å utarbeide og gjennomføre eit program for 100-årsjubileet. Desse er valde: Torstein

Eidem Nordal, Dagfinn Køhn, Hadle Hovda, Olav Mosdøl (leiar), Jørgen Moen, Astrid Tveten, Karin Maria Larsen, Anette Gravir Rønningen.

I mandatet for komitéen heiter det m.a.: Programmet bør gå over to dagar medio juni og innehalde hovudpunkt som: gudsteneste, historisk attersyn, visjonar for kyrkjelydane, musikalske framføringar. Sidan det er to kyrkjer som ligg på to ulike stader, er det

viktig å få til eit godt samarbeid om programprofilen. Programmet må utarbeidast innan realistiske, økonomiske rammer.

Jubileumskomiteén har vore i gang med arbeidet sidan midten av februar 2015 og hatt tre møte. Det har

kome lovnad frå biskop Stein Reinertsen og prost Asgeir Sele at dei vert med i Kviteseid og Fjågesund helga 18. og 19. juni. Komiteén bed kyrkjelydane og bygdefolket om støtte og hjelp, interesse og forbøn for jubileet i 2016.

Istandsetjing av kyrkjetaket

Skriven av Hallvard N. Jørgensen

I fjor sumar vart det påbyrja eit grundig arbeid for å setje i stand det snart 100 år gamle taket på Kviteseid kyrkje. Bakgrunnen for arbeidet var at det vart oppdaga ein del opningar i skifersteinen på taket, noko som i verste fall kunne medføre at stein kunne falle ned frå taket.

Etter ei nøyare undersøking viste det seg at det måtte til ei omfattande rehabilitering av taket. Det vert sett inn ny takpapp, då den førre for ein stor del hadde smuldra bort. Så vert listverket i taket skifta ut; dette hadde dels vorte vindskeivt, men det

var likevel i rimeleg grei stand. Spikrane som held fast skifersteinen hadde delvis rusta og delvis vandra utover, så her måtte det utskifting til.

Ein del skiferstein har også vorte skifta ut, desse leverast av Vossaskifer. Endeleg vert ein god del beslag skifta. Desse er i kopar og vert levera av Kilen Smie og Blikkenslagerverkstad. Sjølve istandsetjingsarbeidet gjennomførast av Betonmast (tidlegare Midt-Telemark Entreprenør), og desse gjer ein solid og god jobb. Arbeidet kan påreknast å vere ferdig seint sumar, eller tidleg haust, i år.

Kyrkjevalet 2015

Sokneråda i Kviteseid har utarbeida ei felles vallista til valet av nytt sokneråd for heile kommunen i haust. Vi er takknemlege og glade for å kunne presentera ei mangfaldig liste med dyktige og engasjerte personar. Vallista: Håkon Birkeland (f. 1958) VRÅDAL, Gunn Karin Eikåsen (f. 1965) FJÅGESUND, Hans Kristian Aabø (f. 1970) KVITSEID, Kerstin Gruss (f. 1964) BRUNKEBERG, Marit Gotuholt (f. 1966) KVITSEID, Inger Lise Berge (f.

1967) BRUNKEBERG, Vidar Syrtveit Mikalsen (f. 1968) KVITSEID, Astrid Grave Aase (f. 1997) ÅSGREND, Jan-Rune Bjørnson (f. 1965) KVITSEID, Tarald Sverre Øigarden (f. 1961) FJÅGESUND, Sveinung Råmunddal (f. 1980) KVITSEID, Hanne Julie Roholdt (f. 1942) VRÅDAL, Reidun Øvrebø Fisketjønn (f. 1944) MORGEDAL, Lena Haugestøl Høibø (f. 1997) FJÅGESUND, Magnhild Vaagen Kvalbein (f. 1985) KVITSEID.



Konfirmantar våren 2015

1. rad frå venstre: Svanhild Bjåland Barstad, Åse Margit Gjersund Aasheim, Braun.
2. rad frå venstre: Leah Sofie Fosse Didriksen, Guri Tveiten, Randi Strømsvik, Bruhaug.
3. rad frå venstre: Prest Torstein Eidem Nordal, Stian Vee Strand, Vemund Versto,
4. rad frå venstre: Såmund Versto, Mathias Neverdalen, Kjell Arne Råmunddal, Irene Belatjønn Dokken (Fjågesund), Frøya Buene (Vrådal) og Maria Karlsen



Ingvild Groven, Solveig Farnen Aabø, Malin Ovastrøm Andersen, Sonja Bakken

Kristin Wrålsen Evja, Celine Henriksen Strand, Andrea Grutle, Solveig

Vegar Hauglid, Tord Versto, Gunnar Sørkås, prest Hallvard N. Jørgensen.

Tobias Kvamme, Sverre Eikland Sandland, Erling Slette-meås.

Sanden (Vrådal) var ikkje til stades då biletet vart teke.



På fotoet har vi ei av gruppene, som har vore på heimebesøk: F. v. bak: Kjell Arne Råmunddal Veting, Tobias Kvamme, Sverre Eikeland Sandland. Framme: Ingvild Groven, Solveig Bruhaug, Kristin Wrålsen Evja.

"Heime hjå-samlingar" for konfirmantane i 2015

Skriven av Olav Mosdøl

Konfirmasjonstida er ein viktig periode for mange ungdomar. Sidan 1980-åra har konfirmasjonen i Den norske kyrkja vore rekna som ei forbønshandling, der Gud stadfester lovnadene som blei gjevne ved dåpen. Det kan også seiast at 'konfirmasjon i kyrkja er å utforske kristen tru og dei store

spørsmåla i livet saman med andre'. I Kviteseid inneheld konfirmantopplegget undervisning, kyrkjebesøk, sommarleir og ein del praktiske oppgåver; slike som hjelp ved gudstenester, kyrkjevertar, ljósberarar og kolleksamlarar. "Heimebesøk" har også blitt sett på programmet. Det vil seie at konfirmantane i mindre

grupper får høve til å bli betre kjende med personar som er aktive i kyrkje-lyden.

Vinteren 2015 har dei 28 konfirman- tane blitt delte i fem grupper. Kvar gruppe har vore på besøk i kvar sin heim to gonger. Opplegget ved heime- besøka inneheld samtale om aktuelle spørsmål, bibelbruk og bevertning. I år har vi vore innom to hovudtema: Å

følgje Jesus og Gud som Skapar. I dette opplegget er det ikkje først og fremst viktig å gje "korrekte" svar, men å leggje grunnlag for open og ærleg refleksjon. Det har også falle naturleg å ta med ein salme og avslutte kvelden med Vår Far-bøna. I samtale har det kome fram at konfirman- tane synest det har vore fint med desse samlingane.

Trusopplæring til hausten

*Skreven for trusopplæringsrådet av
Torstein Eidem Nordal*

Til hausten arrangerer me tre nye tiltak i trusopplæringa. Alle born får eigen invitasjon i posten, men skriv ned datoane allereie no.

4 åringane (f. 2011)

Vrådal kyrkje, 22. og 23. august:
Laurdag kl.12 – 13 blir det kyrkjesa- fari i Vrådal kyrkje med omvising, skatte- jakt, forteljing, øving, bollar og brus.
Sundag kl.11 blir det familieguds- teneste same stad, med utdeling av Mi kyrkjebok – og etterpå inviterast store og små til kyrkjegrill og fellesskap på Straand Sommarland, der Ruben Gazki (bilete) kjem for å trylle!

12 åringane (f. 2003)

Brunkeberg kyrkje, 18. – 20. september, «Eg er 12»: Fredag samlast me til felles avreise til Nystaulvatnet i Ordal. På heia skal me ha mange moro- same aktivitetar, bygge gapahuk og

kose kånn rundt bålet. Laurdag blir det fjellfrukost og moglegheit for topptur for dei som vil. Me håpar å arrangere eit alternativ til toppturen. Me avsluttar utedøgeret og reiser heim laurdag formiddag, men møter opp at i Brunkeberg kyrkje til deltaking på familiegudstenesta. Unge Røyster deltek også. Arrangementet er under planlegging, meir info kjem.

10 og 11 åringane (f. 2004 og 2005)

Kviteseid kyrkje, 28. – 29. november, «Lys Vaken»: Lys vaken samlar på landsbasis 75% av alle døypte, og er ein overnattingsfest i kyrkja som gjeng «rett heim» til 10 og 11 åringane. Me skal ha morosame aktivitetar, og gjer i stand og deltek på familiegudstenesta sundagen. Arrangementet er under planlegging, meir info kjem.

Me håpar så mange som råd har lyst til å la borna sine delta på dette. Ta kontakt om du har spørsmål.



Unge Røysters siste opptreden med Kjell Lindheim, Maria bodskapsdag på Morgedal grendehus.

Det er takt i Foldøy sine

Skriven av Torstein Eidem Nordal

40 år med Kjell Lindheim er over for Unge Røyster. Diakoniprisen 2015 vart eit verdig prov på kor viktig korarbeidet hans har vore for Kviteseid. – Han er eit stort førebilete og har gjort ein kjempejobb for det kristne arbeidet i bygda vår, seier Elise Foldøy. No er det ho som skal halde takta i Unge Røyster.

Ho er sprudlande, inkluderande, kunnskapsrik og ærleg. Mange trur Elise debuterte med Unge Røyster på adventskonserten i Kviteseid kyrkje i desember 2014. Men Elise Raunehaug Foldøy var berre 5 år då ho byrja i Unge Røyster. Kan hende du dreg kjensel på etternamnet, som har lang fartstid i Kviteseid, men det er ikkje sikkert du kjenner Elise. For koret ho song i, hørde til eit bedehus på Åsane.

- Eg er oppvaksten på Frekhaug nord

for Bergen. Eg er fyrst og fremst mor til tri herlige born: Sondre (7), Mari (4,5) og Erle Sofie (1), fortel Elise.

Ein varm sommardag i 2013 var Elise og familien og bada på Kvitsund. Det var også Kjell Lindheim, og han undra seg om ikkje ho kunne tenkje seg å overta som dirigent i Unge Røyster. - Eg sa at dét skulle eg virkelig tenkje på. Så når han ringte året etter, vart det slik.

Sjølv har Elise vore me i ei rekke kor og songgrupper, sidan debuten i Åsane Unge Røyster i 1986. Som sjukepleiarstudent i Oslo var ho lovsongsleiar i Misjonssalen. - Eg har alltid lika forskjellige typar musikk. Hugsar eg hørde på både Richard Clayderman og Enya. Og eg sat ved stereoanlegget heime, og hørde på Celine Dion og Mariah Carey - på kassett! Eg prøvde å synge med, ler ho.

Kjell Lindheim er eit anna musikalsk førebilete. - Eg har stor respekt for Kjell og det han har gjort for Unge Røyster opp gjennom alle desse åra. Han er eit stort førebilete, og har gjort ein kjempejobb for det kristne arbeidet her i bygda vår. Eg har mykje å lære, men eg håpar å få vere ei rollemodell for borna, og at eg kan gjere ein god jobb i Unge Røyster.

Elise fortel at året som dirigent har vore spanande. Ho fekk ei roleg innføring i det å vere dirigent, men måtte steppe inn på adventskonserten då Kjell vart sjuk. - Då vart eg berre kasta ut i det. Etter jul har eg fungert som dirigent og det er kjempespennande og veldig kjekt.

Dei fleste kjenner nok til Unge Røyster som eit kristent kor for alle born mellom 4.-6.kl. Men Elise fortel at alle som vil fortsette, er velkomne til det, og fortsett,
- I år har det berre vore jenter i koret, men gutter - kom og bli med!

Elise vil ha fram at Unge Røyster ikkje berre handlar om å synge, men å skape eit godt fellesskap.
- Me har det veldig kjekt i lag! Me syng, pratar, et litt godsaker ein gong i blant og har andakt på øvingane. I tillegg til songoppdrag, gjer me ulike aktivitetar og reiser mellom anna på aketur og weekendtur, og til Gullbring, fortel dirigenten.



Elise tykkjer det mangfaldige kortilbodet i Kviteseid er utruleg kjekt, og meiner det er ei viktig læringsarena for dei unge håpefulle.

- Eg håpar at fleire born - og vaksne - kan sjå verdien i korarbeid. Det å gå i kor er sjølvutviklande, og ein god moglegheit for borna å synge, sjølvstøtt, men òg å framføre solo, og hjelpe fram mot ei breiare musikkutvikling.

Lovsong og salmar har òg vore ein del av musikkinteressa hennar.

Elise har eit stort fokus på at tekstane til Unge Røyster er gode, for ho betyr dette at dei handlar om Jesus.

- Born er veldig flinke til å lære nye melodiar og tekstar. Eg meiner at det er ein god måte å lære dei kven Jesus er og kva han har gjort for oss, avsluttar Elise, og me takkar ho for at ho har stelt seg til disposisjon i dette viktige arbeidet. Det er ingen tvil om at me har fått ei dedikert, engasjert og inspirerande dirigent til Unge Røyster framover.



Meir himmel på jorda

- Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus

(Frå Den norske kyrkja sitt visjonsdokument 2015–2018)

Døypte

Fjågesund: Sigrid Marie Øigarden.

Kviteseid: Lovise Nordal.
Jens Lundevall-Bleikelia.
Kjetil Moen.

Brunkeberg: Elise Gjerlid Opsund.
Leah Sofie Fosse
Didriksen.

Vigde

Vrådal: Katrine Samdal og
Lars Arne Straand.

Fjågesund: Anne Torhild Gravir
Rønningen og Tom Are
Storbukås.

Kviteseid: Ann Helen Haugen og
Knut Magne Angelskår.

Gravlagde

Vrådal: Hanna Tordis Gundersen.
Sigrid Skree.

Kilen: Marta Nykås.

Kviteseid: Kari Kleiv.
Erling Midtbøen.
Ester Eilefsen.
Johan Grossvold.
Nils Svendsen Haugen.

Brunkeberg: Ottar Magnushommen.
Knut Bjåland.
Bergit Berge.
Stig Othar Bang.
Bjørg Gåsdaalen.
Ingerid Heggtveit.
Ingebjørg Kvålseth.



Oppslagstavla

Treff for småbarn med babysong også til hausten!

På Misjonshuset har me hatt sju småbarnstreff dette halvåret.

Mammaer og pappaer har kome saman mellom kl.10 - 13 annakvar torsdag for småprat, song, lek og lunsj.

Du tek mat med til deg og dine, kaffi og te serverast. Songstemme krevjast ikkje – barnet ditt liker nett di stemmel!

Me syng dei gode, gamle barne-songane, reglar av ymse slag - og barnesongar frå kyrkja.

Datoane for samlingane til hausten er enno ikkje fastsett, men følg med på Facebook og andre oppslag. Det er ingen påmelding eller bindingstid.

Ta kontakt med Ellen Eggebø Jore om du har spørsmål:

treff@kyrkjetrappa.no / 971 07 707

Laurdag den 29.8. kl. 10-17 blir det dugnad i kyrkja. Vi ynskjer å gjere kyrkja klar til 100-års jubileet neste år. Oppgåver vil blant anna vere å pusse ljosekronene og tørke støv, m.m.

Gåver til kyrkjebladet

Etter eit litt uregelmessig år i fjor pga. prestesituasjonen, er no kyrkjebladet i vanleg gjenge att. Sidan førre nummer har vi motteke mange gåver, og dette er vi veldig taknemlege for. Vi veit at mange er glade for å få og lese kyrkjebladet. Gåvene går i det store og heile til trykkeri- og postutgifter. Lista over gåver og gjevarar vil kome på trykk i neste nummer. Der vil det også leggjast ved ein giro. Dei som ynskjer å gje ei gåve til kyrkjebladet, kan setje inn på konto: 2660 10 30615.

Fasteaksjonen

Veka før palmesundag var det fasteaksjon, og 24.mars gjekk konfirmantane rundt for å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp. I år gjekk pengane til arbeidet med å skaffe menneske i ulike land tilgang til reint vatn. I Vrådal sokn kom det inn 7 614,-, i Kviteseid sokn 26 273,-, i Fjågesund og Kilen sokn 1000,- og i Brunkeberg sokn 9 217,-. I tillegg kom det inn 2000,- i private gåver. Totalt vart det 46104,- i Kviteseid kommune. Vi takkar gjevarar og konfirmantar for ein flott innsats!

Retting:

I siste nummer av Kyrkjebladet kom Torstein i skade for å starte artikkelen om trusopplæringa slik: «Endeleg er me i gang med trus-opplæringa i alle sokna i Kviteseid». Dette er sjølvsagt ikkje riktig, det har vore lagt ned uvurderleg innsats innan trusopplæring i Kviteseid i mange år, ikkje minst gjennom arbeidet til dei ulike dåpsutvala. Det Torstein meinte å poengtere, var at «endeleg har alle sokna i Kviteseid motteke trusopplæringsmidlar». Rett skal vere rett.

Returadresse:
Kyrkjekontoret
3850 Kviteseid

Gudstenester

JULI

Tors 2. Kveldsbøn

Kviteseid gamle kl.19.30. Torstein Nordal

Sun. 5. Aposteldagen Matt 16,13-20

Kviteseid kl. 11. Torstein Nordal. Dåp. Of. Laget

Tors 9. Kveldsbøn

Kviteseid gamle kl.19.30. Torstein Nordal

Laur. 11. 7. s. i treeiningstida Luk 19,1-10

Vrådal kl. 11. Vrådalsdagen. Torstein Nordal. Dåp.
sentrum Of. Sjømannskyrkja

Sun. 12. 7. s. i treeiningstida Luk 19,1-10

Brunkeberg kl.11. Torstein Nordal. Nattverd.

Tors 16. Kveldsbøn

Kviteseid gamle kl.19.30. Hallvard Jørgensen

Sun. 19. 8. s. i treeiningstida Mark 12,37b-44

Kviteseid kl. 11. Hallvard Jørgensen. Nattverd.
Of. Strømmestiftelsen.

Tors 23. Kveldsbøn

Kviteseid gamle kl.19.30.

Sun. 26. 9. s. i treeiningstida Joh 8,2-11

Morgedal kl. 11. Hallvard Jørgensen.
grendehus Of. Stefanusalliansen.

Ons. 29. Olsok Luk 9,23-26

Kviteseid kl.19. Hallvard Jørgensen. Olsokvandring frå gamle vegstasjonen i Vrådal startar kl.17. Solist Anna Kortner. Of. Agder og Telemark bispedømmeråd. Kyrkjekaffi. Professor Øyvind Gulliksen kåserer om M. B. Landstad.

AUGUST

Sun. 2. 10. s. i treeiningstida Matt 18,21-35

Sudkilen gard, Kilen. kl. 12. Friluftsgudsteneste. Hallvard Jørgensen. Of. Kirkens SOS. Kyrkjekaffi.

Sun. 9. 11. s. i treeiningstida Mark 2,23-28

Kviteseid kl. 11. Nattverd. Of. Den Norske Israelsmisjon.

Sun. 16. 12. s. i treeiningstida Luk 8,1-3

Kviteseid kl. 19. Torstein Nordal. Of. Trusopløringa. Kyrkjekaffi.

Sun. 23. 13. s. i treeiningstida Luk 12,41-48

Vrådal kl. 11. Torstein Nordal. Familiegudsteneste. Utdeling av 4årsbok. Konfirmantpresentasjon. Of. Kyrkjelydens misjonsprosjekt i Ecuador. Kyrkjegrill og aktivitetar på Straand Sommarland etter gudstena.

Sun. 30. Vingardssundag/14. s. i treeiningstida 1 Kor 3,4-11

Kviteseid kl. 11. Hallvard Jørgensen. Kviteseidagen. gamle Of. NestenPresten

SEPTEMBER

Sun. 6. 15. s. i treeiningstida Luk 10,38-42

Kviteseid kl.11. Hallvard Jørgensen. Dåp. Sundagsskule. Of. Wycliffe.

Sun. 13. 16. s. i treeiningstida Matt 5,10-12

Kviteseid kl.11. Torstein Nordal. Nattverd. Sundagsskule. Prostevisitas.

Of. Rachel Trovis arbeid
Vrådal kl.19. Hallvard Jørgensen.

Sun. 20. 17. s. i treeiningstida Luk 7,11-17

Brunkeberg kl. 11. Torstein Nordal. «Eg er 12». Familiegudsteneste. Unge Røyster. Konfirmantpresentasjon. Nattverd med bønnevandring. Fjågesund kl. 16. Torstein Nordal. Konfirmantpresentasjon. Of. Kvitsund Gymnas

Sun. 27. 18. s. i treeiningstida Matt 8,5-13

Kviteseid kl. 11. Torstein Nordal. Hausttakkefest. Familiegudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Barnegospel. Of. Kristen Idrettskontakt. Kyrkjekaffi på traktorskuffe.